Søknad

Søknadsnr.	2018-0004	**Søknadsår**	2018	**Arkivsak**
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018			
Prosjektnavn	Stien som ferdselsåre gjennom natur-og kulturarven			

Kort beskrivelse
Å ta vare på stien i Aurlandsdalen som ferdselsåre er ei satsing under delprosjektet "Nye Aurlandsdalen" og hovudprosjektet "Vandring og Verdiskaping" i Verdsarvparken. I lag med blant anna frivillige lag og organisasjonar, grunneigarar og næringsverksemder er målet å sørge for tryggast mulig og kvalitativ framkomst for den breie brukargruppa (barnefamiliar, eldre, skuleklassar osv.) som benyttar seg av dalen.

2017 tryggleikstiltak, 2018 mur og steinarbeid, 2019 landskapet/vidareføring?

Prosjektbeskrivelse
OMSØKT PROSJEKT - "Stien som ferdselsåre gjennom natur-og kulturarven": Er eit deltiltak under "Vandring og verdiskapingsprosjektet"; med mål om å skape engasjement og sørge for ivaretaking og bruk av natur- og kulturressursane på ein fornuftig måte.

Fleire område har fått slitasjeskadar som nedsunkne steinar i myrområde, omdanning av fleire gangbaner og steinmurar som sig ut. Naturhendingar som ras og steinsprang har også bidrege til øydelegging av stien og behov for murarbeid, steinlegging i rasområde og ombygging av steinlagde grøfter/drener er tydeleg. Sjå vedlegg 1 for bildedokumentasjon og Vedlegg 2 for dokumentasjon av tiltak/kostnadsoverslag.

I 2017 vart det jobba med tryggleiks tiltak. I 2018 er det søkt om midlar for å leiga inn fagarbeidarar, felttimar for prosjektleiar og materialkjøp for nødvendig arbeid på blant anna steinmurar, steinlagde gangbaner og drener/grøfter på stien.

Venner av Aurlandsdalen fekk utarbeidd tilstandsrapport for stien i Aurlandsdalen: Aurlandsdalen – skildring av tilstand og forslag til punktvise tiltak på strekninga Stemberdalen- Vassbygdi (Morten Clemetsen, 2016) Sjå vedlegg 4. Omsøkt prosjekt tek utgangspunkt i denne rapporten, synfaring i 2017 og hendingar våren 2017 (ras/steinsprang).

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Nærøyfjorden Verdsarvpark Org.nr:992413999	Helabrotet 2A 5745 AURLAND	95172595
Kontakt-person	Erling Oppheim	Helabrotet 2A 5745 AURLAND	95 17 25 95
Prosjekt-leder	Snædis Laufey Bjarnadottir	Helabrotet 2A 5745 AURLAND	94269338

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja
1. Tilskot over VSP''''n for lokale og regionale Parkar. (KLD)

2. Infrastrukturmidlar reiseliv (Brekkestien i Flåm)

3. Tilskot til verdiskaping basert på naturarven. (Miljødirektoratet)

4. Tilksot til gjennomføring av landskapskartlegging - og analyse i Vestnorsk fjordlandskap.

5. Tilskot til Nærings- og samfunnsutvikling - Trygg og kvalitativ ferdsel i Aurlandsdalen

Spesifikasjon

Bakgrunn
Drift og bruk av Aurlandsdalen har forandra seg drastisk siste århundre. Frå å ha omlag ti gardsbruk i det dramatiske landskapet til å være stort sett eit friluftsområde - med kulturlandskap i eit storslagent landskap som attraksjon.

Sidan bruken av dalen har forandra seg slik at den no er til almennbruk enn til jordbruk så ligg ansvaret for ivaretaking av stien på fleire enn berre grunneigarane. Prosjektet "NYE AURLANDSDALEN" blei igangsatt for å gjere eit forsøk på å stimulere, koordinere og være støttespelar til dei kreftene som jobbar i dalen.

KORT OM "NYE AURLANDSDALEN" Formålet med prosjektet er å fremje, planlegge, organisere, sikre gjennomføring av tiltak og aktivitetar knytt til Aurlandsdalen. Dette gjeld oppgåver som istandsetjing, vedlikehald, rydding og merking av stiar i dalen.

Prosjektkoordinator blei ansatt over 3 år i 30% stilling til å jobba særleg med Aurlandsdalen. Stillinga blei finansiert av Sogn og fjordane fylkeskommune, Aurland kommune og Miljødirektoratet gjennom hovudprosjektet "Vandring og verdiskaping".

Den 3 årige prosjektperioden er delt opp etter sommarsesongane og blir omtrent slik:

1. sommar MOBILISERING = få oversikt over tilstand i dalen og aktørane, søknadskriving

2. sommar TRYGG FERDSEL = jobbe med sette i stand og utbetre stien og sørge for trygg ferdsel langs hovudstien i Aurlandsdalen. Søknadsskriving + invitere næringslivet til å bidra.

3. sommar GAMAL FERDSELSÅRE= ivaretaking av murar, drenering og viare strategi for arbeidet. Søknadskriving. Sluttrapportering.

4. ynskjeleg vidareføring LEVANDE LANDSKAP = Eventuelt få meir bruk av utmark, betra formidlingen, miljøpatrulje, meir samarbeid Øst-Vest (Hol) osv.

Prosjektmål
1. Sørge for at stien i Aurlandsdalen også i framtida blir eit godt døme på gamal ferdselsåre og gir kvalitetsopplevingar for gjestene i Aurlandsdalen.

I gjennom istandsetting og utbetring av murar, steinlagde parti, steinlagde grøfter/drener og utsigne område legg vi grunnlag for flotte opplevingar av natur- og kulturlandskapet for gjester og busette. Med det får vi eit godt vandreprodukt på trygge stiar.

RF13.50 – www.regionalforvaltning.no

Forankring
Vi syner til fylgjande :

1. Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane 2014-2025:

http://verdiskapingsplanen.no/handlingsplan/8-reiseliv /8-3-hovudaktivitet-med-milepaelar /

2. Reiselivsplan Sogn og Fjordane 2010-2025, pkt. 5.2.

3. Parkplanen for Nærøyfjorden Verdsarvpark.

RF13.50 – www.regionalforvaltning.no

(Styringsdokumentet Parkplanen som dette prosjektet spring ut av er vedteke av parkstyret)

4. Aurland kommune sin kommunedelplan for næring (K-sak 045/14) , Handlingsprogram for

2014-2017.

5. Aurlandsdalen - Skildring av tilstand og forslag til punktvisse tiltak på strekninga Stemberdalen - Vassbygdi: Strategy for Venner av Aurlandsdalen laga av Aurland Naturverkstad (vedlegg 2)

Prosjektorganisering
Prosjekteigar vil vere Nærøyfjorden Verdsarvpark ved daglege leiar.

Prosjektleiing vert ivareteken av ein eigen personressurs / ranger tilsett i Verdsarvparken.

Det er vidare etablert ei eiga arbeids- og styringsgruppe for Aurlandsdalen med fylgjande

samansetnad:

- 1 medlem repr. Vener av Aurlandsdalen

- 1 medlem repr. verksemder / næringsaktørar knytt til dalen.

- 1 medlem repr. grunneigarar

- 1 medlem repr. Visit Sognerfjord

- 1 medlem repr. E-CO

Gruppa vil ha fylgjande føremål:

Ivareta og sikre eit breitt engasjement kring ivaretaking og utvikling av verdiane og aktivitetane i dalen.

- Ansvarleggjere og sikre eigarskap til gjennomføring av prioriterte tiltak og aktivitetar.

- Motivere og inspirere til innsats og deltaking.

Styringsgruppa sitt mandat vil vere å fremje samt ta stilling til kva for tiltak og aktivitetar som vert prioritert for gjennomføring. Tiltaksplanen vert og grunnlag for søknader om finansiering.

Elles i Parkregionen vil prosjektleiaren/ranger ivareta/ sikre samhandling og koordinering av tiltak/gjennomføring i nært samarbeid med turlaga, grende- og bygdelaga og Visit Sognefjord AS.

Samarbeidspartnere

1. Grunneigarar

2. Friviljuge lag- og organisasjonar (Bygde- og grendalag, Venner av Aurlandsdalen)

3. Turlaga i verdsarvkommunane.

4. Visit Sognefjord.

5. Verneområdeforvaltning

6. Lokale næringsverksemder/ parkpartnarar.

7. ECO Energi AS (Aurlandsdalen)

8. DNT Oslo og omegn

Aktiviteter

Konkrete område/stader som det er søkt midler til nummeringen stemmer med aktivitetane lista i vedlegga:

-vedlegg 2 - Kostnadsoverslag på tiltak i Aurlandsdalen

-vedlegg 1 - sjå bakerst for fotodokumentasjon

Strekning: ØSTERBØ-VASSBYGDI

1-2 Viki - omlegging av sti

3-4 Vetlestølen - omlegging av sti

5 Nesbøgalden - sikra mur

6 Grimevodlen - Klopp

7 Tirtesva-Bjønnstigen - Rydda sti

8-9 Juklajuv-området - murarbeid, trinn og krafsejobb

10 før Holmaberget - murarbeid

11-12 Holmaberget/Berekvamsbru - bolta stein, trinn

13- 14 Berekvamsbruområdet - steinlegging, trinn, sikringstiltak, omlegging av sti

15-18 Skårsbakkane/Bakkagrovi - Trinn, steinlegging, sikra drener og elveløp

19 Karibotnen - ombygging av dren

20-22 Storemuren /filittskreda som gikk i 2017 osv - murarbeid og omlegging av sti

23 Sinjarheimshagen - Steinlegging, krafse, dren

28 Kråkagrovi - steinlegging

28.A Juklajuvet - rasområde - sprenging

Strekning: TEIGEN - BRIDLEBRUI

29 Steinlegging, renska opp etter skred og steinsprang

Strekning: TEIGEN-HUNGERSHOLTEN-ALMABRUI (gamle ferdselsvegen før utsprenging av Sinjarheimsgalden)

30-31 Steinlegging, trinn arbeid, bolting og vaiertiltak, fikse stokkar

Strekning: STEINBERGDALEN - GRØNÅ

32 Prosjektleiing for dugnadsgjeng frå DNT Oslo (trinn, klopper, vaier,

omlegging av stien osv)

Målgrupper
Gjester og busette i Nærøyfjorden Verdsarvpark

Blant gjestane som er observerte i dalen er: skuleklassar, barnefamiliar, turlag, norske pensjonistar og utanlandske gjester i variabel fysisk form og med særs varierande ferdigheiter.

Resultat
1. Godt tilrettelagde turvegar, tryggare tilkomst for turgåarar

2. Medverka til ei kvalitativ god turoppleving/ god besøksforvaltning

3. Styrkje driftsgrunnlaget for lokale reiselivsverksemder

4. Kan fungera som avlastningssone for meir sårbare og belasta område innanfor verdensarvsområdet.

Effekter
1. Betre oppleving for turgåarane / vandrarane - som igjen legg tilrette for lengre opphald i

Verdsarvparkområdet.

2. Gode turopplevingar fører til positiv omtale og framsnakking av området.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan
Tiltaka er avhengige av vær- og snøforhold.

Målet er å gjennomføra tiltaka i sesongen 2018 (mai-oktober), men om naturforholda ikkje gjev sjans å ferdigstilla tiltaka, er det eit mål om å ferdigstilla i sesongen 2019.

Kostnadsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
						0
Dugnad	102 500					102 500
Helikopterflyging og bruarbeid	130 000					130 000
Innleigd arbeid	517 500					517 500
Materialer	13 000					13 000
Overnatting	6 500					6 500
Profilering og annonsering	20 000					20 000
Prosjektleiar forberedelse og etterarbeid	116 600					116 600
Prosjektleiar i felt	132 600					132 600
Uforutsette kostnader 20% av materialer og innleig	140 000					140 000
Sum kostnad	**1 178 700**					**1 178 700**

Finansieringsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
DNT Oslo og Omegn	135 120					135 120
Egeninnsats (prosjektleiar + dugnad)	219 100					219 100
Gåve	130 000					130 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018	347 000					347 000
Tilskudd til Verdiskaping av naturarven	347 480					347 480
Sum finansiering	**1 178 700**					**1 178 700**

Prosjektleiar har/kommer til å søka om finansering for "Ta vare på stien i Aurlandsdalen som kulturminne" andre stader også og tek ansvar for at prosjektet ikkje blir dobbelt finansert. Døme på andre søknadsstader:

- Verdiskaping basert på naturarven - Miljødirektoratet
- Kulturminnefondet
- Olav Thon stiftelsen
- Eckbos legat

Geografi

1421-Aurland

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Vedlegg 1 - Aurlandsdalen - Stien som gamal ferdselsåre 15012018.pdf	10 548 664	15.01.2018

Vedlegg 2 - Kosnadsoverslag på tiltak i Aurlandsdalen - 15012018.xlsx	44 166	15.01.2018
Vedlegg 3 - Grunneigarliste 11122107.xlsx	14 258	15.01.2018
Vedlegg 4 - Tiltak - Aurlandsdalen 25022016.pdf	3 530 572	15.01.2018
Vedlegg 5 - Tidsplan 2018.xlsx	13 045	15.01.2018